

synte seg mest i det, at dei sette av dei fleste bispar og tok nye i staden, og at den danske rikskassa eigna til seg dei rike godsi som bispestolarne og klostri hadde aatt. Det vanta prestar som kunde forkynna den nye læra, og folket som kom utor den gamle trui og ikkje fekk læra den nye, seig ned i gudløysa og sedløysa.

Den nye læra vart i alle andre land forkynt paa heimelegt maal med munn og pen; men til oss kom ho paa dansk. Bibelen og alle religionsbøker vart skrivne paa dansk, prenta i Kjøbenhavn*) og uppsende til oss. Medan kyrkjeumboti alle andre stader tok morsmaali i religionen og opplysningi si tenesta, og soleis hjelpte upp folkemaali, kom ho til aa verka beint imot folkemaalet her. Det er sjølv sagt at det ogso vart preika meir og meir paa dansk, endaa me veit at der fanst dei som heldt preika paa norsk. Det var no den meinleiken med norsken i denne tidi og lenge frametter, at der ikkje var nokor norsk mynsterform aa fylgja. Gamalnorsken var ikkje lenger brukande, for talemaalet var no i mange stykke umforma, og ingen hadde dugleik eller magt til aa skapa ei nynorsk skriftform. Dei nordmenn som var noko raadige, slo lag med danskane, som sat inne med dei fleste store embætti, t. d. dei fleste bispeembætti. *Dansk* tok no til aa trengja seg inn i *talemaalet* i dei høgre krinsar i byarne og hjaa det norske embætsstandet.

Daa dei so her i landet i det 16de hundr. so smaatt tok til paa nytt lag aa skriva bøker, er det ikkje so stort aa undrast at dei skreiv dansk. Det var fulla klen dansk i fyrstonne, mykje oppblanda med norske ord og ordlag. Serleg heldt dei lenge paa tviljoden *ei: ein friheit*. Men etter kvart vart

*) I Norig fekk me det fyrste prenteverket i 1644 i Kristiania, det nye namnet paa Oslo (fraa 1624).